



HUSTADVIKA KOMMUNE
Tingplassen 1
6440 ELNESVÅGEN

Saksbehandlar, innvalstelefon
Thomas Aurdal, 71 25 84 67

Hustadvika kommune - Vedtak om løyve til utfylling i sjø ved Vestavika industriområde

Fylkesmannen i Møre og Romsdal har ferdigbehandla søknaden frå Hustadvika kommune, og gjev løyve til utfylling i sjø ved Vestavika industriområde. Løyve med vilkår følgjer vedlagt.

Vi vedtek eit gebyr på kr 33 300 for sakshandsaminga.

Vi syner til søknad av 30.08.2020 om utfylling i Hustadvika kommune.

Vedtak

Fylkesmannen i Møre og Romsdal gjev med dette Hustadvika kommune løyve til utfylling i sjø ved Vestavika industriområde. Løyva er gitt med heimel i *Lov av 13.03.1981 om vern mot forurensning og om avfall* (forureiningslova) § 11, jf. § 16. Fylkesmannen har ved avgjerda og ved fastsetting av vilkår lagt vekt på dei forureiningsmessige ulempene ved tiltaket samanheld med dei fordelar og ulemper tiltaket elles vil medføre. Det er satt vilkår for løyvet. Løyve med vilkår følgjer vedlagt dette brevet.

Det kan gjerast endringar i løyvet i medhald av forureiningslova § 18. Endringane skal vere basert på skriftleg sakshandsaming og forsvarleg utreiing av saken. Ei eventuell søknad om endring må difor føreliggje i god tid før endringa ynskjust gjennomført.

At det er gitt løyve gjer ikkje at det ikkje kan vere erstatningsansvar for skade og ulempe eller tap forårsaka av forureining, jf. forureiningslova § 56. Brot på løyva er straffbart etter forureiningslova §§ 78 og 79.

Bakgrunn

Hustadvika kommune søkte 30.08.2020 om løyve etter forureiningslova til utfylling i sjø ved Vestavika industriområde, nær eigedomane gnr. 3 bnr. 6 og 10 i Hustadvika kommune. Større utfyllingar er planlagt i området i framtida for å utvide industriområdet, men i denne omgang vart det søkt om utfylling av delområda angitt «0a» og «1a» på vedlagt kart, eit område med eit areal på om lag 16 802 m². Det skal fyllast ut med sprengstein frå tunneldrift. Tiltaket er planlagt utført i perioden 2020-2021.



Høring av søknad

Søknaden var på høring fram til 4. oktober 2020. Vi fekk inn følgjande kommentarar og innspel:

Kystverket Midt-Norge (11.09.2020)

Kystverket kan ikke se at det omsøkte tiltaket vil få særskilt innvirkning på deres anlegg og installasjoner eller andre hensyn de er satt til å ivareta etter havne- og farvannsloven. De har derfor ingen merknader til tiltaket.

Hustadvika kommune v/plan og byggesak (15.09.2020)

Avd. for plan og byggesak kommenterer at området som ønskes utfylt i reguleringsplan *Indre Harøy*, planident 99079 og *Vestavika industriområde – Harøysundet*, planident 03160 er regulert til industriformål. Plangrunnlaget legger opp til at området kan fylles ut, og dermed er det omsøkte tiltaket i tråd med plan. Avd. for plan og byggesak har derfor ingen merknader til søknaden. Det påpekes imidlertid at tiltaket er søknadspliktig etter både havne- og farvannsloven og plan- og bygningsloven. Molde og Romsdal Havn er myndighet etter førstnevnte lov. Kommunen ved plan og byggesak kan ikke gi tillatelse etter plan- og bygningsloven før det foreligger tillatelser etter havne- og farvannsloven og forurensningsloven.

NTNU Vitenskapsmuseet (01.10.2020)

Vitenskapsmuseet oppgir at de i 2000 utførte en marinarkeologisk registreringsundersøkelse i forbindelse med utbyggingsplaner for Indre Harøy og Harøysund havn, reguleringsplan Eidem sør og bygging av molo/småbåthavn ved Vågøy kirke. De undersøkte områdene oppgis å dekke stedene der det nå søkes om å fylle ut. De har derfor ingen merknader til tiltaket, slik det foreligger, men minner om meldeplikten ved funn av kulturhistorisk materiale.

Av søknadsdokumentene går det frem at det er planlagt ytterligere utfylling i området i fremtiden, ut over det som det nå søkes om å fylle ut, og museet har en kommentar til disse planene. I 2005 skal det ha blitt påvist et vrak av nyere datering under en marinarkeologisk registreringsundersøkelse disse sjøområdene. Det ble dessuten påvist en ballastrøys, og denne betraktes som et fredet kulturminne. Av den grunn må det påregnes begrensninger i utnyttelsen av området, eventuelt utarbeides alternative planer for fremtidige utfyllinger. Det er også en mulighet å søke Riksantikvaren om dispensasjon fra kulturminneloven.

Vurderingane til Fylkesmannen

Fylkesmannen finn at tiltaket det søkjast om gjev risiko for spreiring av forureining og partiklar, og at det difor krevjast eit løyve etter forureiningslova § 11. Ved avgjerda har vi lagt vekt på dei forureiningsmessige ulempe ved tiltaket samanheld med dei fordelar og ulemper tiltaket elles vil gjeve, jf. forureiningslova § 11 femte ledd.

Spreiring av forureining og partiklar

Asplan Viak har utført miljøtekniske undersøkingar i området, både der det søkjast om å fylle ut no og i naboområda der det kan verte aktuelt å fylle ut seinare. Funna og vurderingane til Asplan Viak finnast i rapport nr. 629417-01 av 28.08.2020. Totalt vart det tatt prøvar i 26 stasjonar, og 3 av desse var ved området som skal fyllast ut i fyrste omgang. Sedimenta vart funne å vere relativt homogene, og beståande i hovudsak av sand med eit varierende innslag av skjelrestar. Det vart generelt påvist låge nivå av miljøgifter i området mellom Indre Harøya og fastlandet, med mange parameterar på bakgrunnsnivå. Det var utslag for TBT og enkelte PAH-forbindingar tilsvarande moderat nivå i enkelte av prøvestasjonane, men desse låg utanfor området der det no søkjast om å fylle ut.



Utfyllinga som det no søkjast om ventast ikkje å medføre ein risiko for nemneverdig spreiring av miljøgifter. Vi ser det difor ikkje som naudsynt med omfattande avbøtande tiltak mot spreiring.

Tiltaket skal overvakast visuelt med fokus på å avdekke uheldig spreiring av partiklar i vassmassane, jf. vilkår 5.1. Dersom steinmassane er dekkja av mykje finstoff, må det vurderast tiltak for å redusere finstoffmengda. Dette er spesielt viktig under gyteperioden til fisken (sjå komande avsnitt).

Spreiring av plast og avfall

I søknaden er det oppgitt at det skal nyttast sprengstein frå tunneldrift som massar til utfylling.

Sprengstein inneheld ofte restar av sprengtråd eller anna avfall som kan spreie seg i naturen. Vilkår 4.5 i løyvet skal sikre god handsaming av slikt avfall under tiltaket.

Vurderingar etter naturmangfaldlova

Fylkesmannen har vurdert tiltaka etter *Lov om naturens mangfold* (naturmangfaldlova) § 8-12. Vurderingane våre har tatt utgangspunkt i informasjon tilgjengeleg i databasen *Naturbasen* og kartverktøyet til Fiskeridirektoratet, og i rapporten til Asplan Viak. Vi finn at den føreliggjande kunnskapen er tilstrekkeleg til å handsame søknaden, jf. § 8 i naturmangfaldlova, og vi kan ikkje sjå nokon grunn til å legge særleg vekt på føre-var-prinsippet i denne saken, jf. naturmangfaldlova § 9.

I *Naturbasen* er det registrert eit yngleområde for ærfugl ved Lamholmen og rasteområde for andefuglar ved Kjerringholmen, men desse naturverdiane har ein avstand på om lag 700 meter til for tiltaksområdet, i retning nord/nordaust. Naturtypen *bløtbunnsområde i strandsona* er registrert frå Jensholmen og austover, om lag 450 meter nordaust for tiltaksområdet. Naturverdiane ventast ikkje å verte nemneverdig påverka av tiltaket då avstanden er stor.

I sjøområda sør for tiltaksområdet er det registrert eit større område med større tareskogførekomstar, verdivurdert som svært viktig. Området registrert med tareskog overlappar noko med tiltaksområdet. Utbreiinga til førekomsten skal vere modellert på bakgrunn av feltinnsamla data, og storleiken er grunnlaget for den gjeldande verdivurderinga. Lenger ute i Harøyfjorden er det òg registrert tareskogførekomstar, og nokre av desse er langt større enn den ved tiltaksområdet. Førekomsten bør ikkje vere til hinder for at det aktuelle området kan fyllast ut slik det er søkt om.

Ved Stavikelva/Stavika, om lag 1,3 kilometer søraust for tiltaksområdet, er det registrert eit fredingsområde. På Indre Harøya er det registrert ein akvakulturlokalitet (Salmon Evolution, ID 38617), men denne lokaliteten er landbasert.

Eit større gyteområde for fisk er registrert i sjøområda sør for tiltaksområdet, om lag 750 meter unna på det næraste. Det er òg registrert eit gyteområde på nordvest-sida av Indre Harøya. I tillegg er det registrert fiskeplassar for aktive og passive reiskapar i sjøområda sør for tiltaksområdet, i ein avstand på om lag 750 meter. Gyteområdet sør for tiltaksområdet er for torsk, hyse og sei, som gyter i perioden februar til april, og brosme og lange, som gyter i perioden juli til august. Fisken vil vere sårbar for auka partikkelnivå i vatnet i gyteperioden, og det er ein fordel om utfyllingsaktivitetane reduserast i disse periodane, jf. vilkår 4.7.

Etter § 10 i naturmangfaldlova skal ein påverknad på eit økosystem alltid vurderast ut i frå den samla belastninga som økosystemet vert utsett for. Vi kan ikkje sjå at tiltaket vil medføre eit vesentleg bidrag til den samla belastninga på naturverdiane i nærområdet.



Etter § 11 i naturmangfaldlova skal tiltakshavar dekke kostnadane ved å hindre eller redusere eventuell skade på naturmangfaldet i eit tiltaksområde dersom dette ikkje er urimeleg med utgangspunkt i karakteren til tiltaket og den eventuelle skaden. I denne saken finn Fylkesmannen det rimeleg at tiltakshavar får gjennomført og dekke eventuelle kostnadar av avbøtande tiltak slik dei vert skildra i løyva. Dei avbøtande tiltaka er også i tråd med § 12 i naturmangfaldlova, der det settast krav til bruk av miljøforvarlege teknikkar og driftsmetodar for å unngå eller redusere skadar på naturmangfaldet.

Vassdirektivet

Tiltaket skal utførast i vassførekomsten ved namn *Harøyfjorden, Buadjupet, Julsundet*, som i databasen *Vann-nett* har god økologisk tilstand, men dårleg kjemisk tilstand. Nye inngrep i ein vassførekomst kan, ifølgje *Forskrift om rammer for vannforvaltningen* (vassforskrifta) normalt ikkje utførast dersom tiltaket vil medføre ein reduksjon av den økologiske statusen til førekomsten. Vi finn at det aktuelle tiltaket ikkje medfører ein slik risiko.

Konklusjon

Fylkesmannen i Møre og Romsdal tillét tiltak i sjø etter fastsette vilkår. På bakgrunn av desse vilkåra meiner vi at tiltaket ikkje vil medføre vesentleg spreining av forureining og partiklar eller skade på naturmiljøet. Ut i frå ei samla vurdering ser vi samfunnsnytta av tiltaket som større enn den mindre belastninga tiltaket medfører for naturmiljøet.

Erstatningsansvar

Løyve frittek ikkje for erstatningsansvar for forureiningskade etter forureiningslova § 10 og kapittel 8.

Klagemoglegheiter

Vedtaket kan klagast inn til Miljødirektoratet etter reglane i kapittel VI i forvaltningslova, av partane i saken eller andre med rettsleg klageinteresse innan tre veker etter at avgjerda er motteke. Ei eventuell klage skal nemne kva det klagast over og den eller dei endringar som ynskjast. Klagen skal grunngjevast, og opplysningar som kan ha påverknad på saken bør nemnast. Dersom vedtaket klagast på, kan Fylkesmannen eller Miljødirektorat på førespurnad vedta at vedtaket ikkje skal tre i kraft før klaga er endeleg avgjort, jf. § 42 i forvaltningslova. Klagen skal sendast via Fylkesmannen.

Ei eventuell klage fører ikkje automatisk til at iverksettinga av vedtaket vert utsett. Fylkesmannen eller Miljødirektoratet kan etter oppmoding eller av eget initiativ bestemme at vedtaket ikkje skal settast i verk før klagefristen er ute eller klagen er avgjort. Avgjerda av spørsmålet om iverksetting kan ikkje klagast på.

Vedtak om gebyr for sakshandsaminga

Tiltaket er plassert under gebyrsats 6, jf. *Forskrift om begrensning av forurensning* (forureiningsforskrifta) av 01.06.2004 kapittel 39 om gebyr til statskassa for arbeid med løyve og kontroll etter forureiningslova § 39-3 og 39-4. Dette inneber at tiltakshavar skal betale eit gebyr på kr 33 300 for sakshandsaminga. Gebyrsats vart varsla i brev av 03.09.2020. Faktura med blankett for innbetaling vert send ut av Miljødirektoratet. Gebyret forfell til betaling 30 dagar etter fakturadatoen.

Ressursbruken knytt til sakshandsaminga er lagt til grunn ved fastsettinga av gebyrsats. Inn under dette høyrer gjennomgang og høyring av søknaden, korrespondanse med søkjaren, og sjølve arbeidet med og ferdigstilling av løyvet. Innsats frå andre fagpersonar hos Fylkesmannen omfattast også.



Vedtaket om gebyrsats kan klagast på til Miljødirektoratet innan tre veker etter at dette brevet er mottatt, jf. forureiningsforskrifta § 41-5. Ei eventuell klage bør grunnjevast og skal sendast til Fylkesmannen i Møre og Romsdal. Klagen vert ikkje gitt oppsettande verknad, og det fastsette gebyret må difor betalast i samsvar med det som er bestemt over. Dersom Miljødirektoratet aksepterer klagen, vil det overskytande beløpet verte refundert. Forureiningsforskrifta er tilgjengeleg på www.lovdata.no.

Offentleggjing av løyva

Vedtaket skal gjerast offentleg kjend, jf. § 36-11 i forureiningsforskrifta. Den som har fått løyve, skal så snart som mogleg kunngjere dette i dagspressa. Kunngjeringa skal innehalde ei kort orientering om løyvet, informasjon om kor ein kan gå for å få innsyn i saksdokumenta og opplysningar om klageinstans og frist for ei eventuell klage på vedtaket. Kopi av kunngjeringa skal sendast til Fylkesmannen i Møre og Romsdal innan ein månad etter at løyvet vart gitt. Verksemda kan gjerne nytte sin eigen logo i kunngjeringa. Logoen til Fylkesmannen skal ikkje nyttast. Her følgjer vårt forslag til kunngjeringstekst:

Hustadvika kommune får løyve etter forureiningslova til utfylling i sjø med sprengstein ved eigedomane gnr. 3 bnr. 6 og 10 ved Vestadvika/Indre Harøy. Tiltaket er del av ei planlagd utviding av industriområde, og skal gjennomførast i perioden 2020-21.

Vedtak med løyve kan lesast på nettsida til Fylkesmannen i Møre og Romsdal, www.fylkesmannen.no/Mr, under «Forureining» og «Kunngjeringar». Der finn ein òg informasjon om klagemoglegheiter.

Datoar og fristar

- Løyva skal offentleggjerast i dagspressa så snart som mogleg
- Det skal gjevast melding om oppstart til Fylkesmannen i Møre og Romsdal når tiltaka settast i verk. Meldinga kan gjevast til sakshandsamar på e-post (fmmrthau@fylkesmannen.no).
- Løyvet er gyldig til **31.12.2021**.
- Måleresultata i miljørapportane vedlagt søknaden skal registrerast i databasen *Vannmiljø* innan 31.12.2020, jf. vilkår 6.1 i løyvet
- Rapport i tråd med vilkår 6.2 i løyvet skal sendast til Fylkesmannen innan 6 veker etter at tiltaka er utført.

Med helsing

Christian Dahl (e.f.)
fagleiar

Thomas Aurdal
overingeniør

Dokumentet er elektronisk godkjent

Vedlegg:

1 Løyve til utfylling



Kopi til:
KYSTVERKET Postboks 1502 6025 ÅLESUND



Løyve for Hustadvika kommune til utfylling i sjø ved Vestavika industriområde

Løyvet er gitt i medhald av lov av 13.mars 1981 nr. 6 om vern mot forureiningar og om avfall § 11 jf. Det er satt vilkår etter forureiningslova § 16. Løyvet kan ikkje nyttast før det også føreligg naudsynte løyve eller avklaringar etter plan- og bygningslova, hamne- og farvasslova og kulturminnelova.

Verksemda må avklare skriftleg på førehand med Fylkesmannen i Møre og Romsdal eventuelle endringar den ønskjer å gjere i forhold til opplysningar i søknaden eller under saksbehandlinga som kan ha miljømessig påverknad.

Løyvet gjeld frå dags dato og er gyldig fram til **31.12.2021**.

Bedriftsdata og informasjon om tiltaksområde

Bedrift	Hustadvika kommune
Lokalisering/gateadresse	-
Postadresse	Tingplassen 1, 6440 ELNESVÅGEN
Org. nummer (bedrift)	976 832 329 (eies av 921 133 642)
Lokalitet for tiltaket	Harøya/Vestadvika
Koordinatar for tiltaket (UTM 32)	X: 396269, Y: 6974035
Gards- og bruksnummer for tiltaket	Gnr. 3 bnr. 6 og 10
Kommune tiltaket utførast i	Hustadvika

Fylkesmannens referansar

Løyvenummer	Anleggsnummer	Risikoklasse ¹
2020.0893.T	1579.0125.01	4
Løyve gitt:	Endringsnummer:	Sist endra:
07.10.2020	-	-

Christian Dahl (e.f.)
fagleiar

Thomas Aurdal
overingeniør

Dokumentet er elektronisk godkjent

Endringslogg

Endringsnummer	Endringar av	Punkt	Skildring
-	-	-	-

¹ Miljømyndighetene sitt system for berekning av hyppigheita på frekvensbasert tilsyn, der risikoklasse 1 er høgast og 4 er lågast.



1. Verkeområde for løyvet

Løyvet omfattar utfylling med reine massar i eit område på om lag 16 802 m² sjøbotn ved Harøya/Vestadvika i Hustadvika kommune. Løyvet gjeld berre massar som er eigna til formålet.

2. Generelle vilkår

- 2.1 Det føresettast at tiltaket gjennomførast som angitt i søknaden datert 30.08.2020 dersom ikkje anna går fram av løyvet, andre vedtak eller på annan måte er avklart med Fylkesmannen i Møre og Romsdal.
- 2.2 Forureiningsmyndigheitene vilkår skal ikkje vere til hinder for at andre myndigheiter kan stille krav med heimel i anna lovgiving.
- 2.3 Tiltakshavar er ansvarleg for at vilkåra i løyvet vert overheld. Tiltakshavaren pliktar å orientere dei som skal gjennomføre tiltaka om dei vilkåra som gjeld, og om dei restriksjonane som er lagt på arbeidet.
- 2.4 Forureiningsmyndigheta, eller dei den gjev mynde til, skal til ei kvar tid ha tilgjenge til området for inspeksjon.
- 2.5 Fylkesmannen kan oppheve eller endre vilkåra i løyvet, sette nye vilkår, og om naudsynt trekke løyvet attende, dersom føresetnadar gitt etter forureiningslova § 18 er til stades. Fylkesmannen har på det same grunnlaget rett til, på eit kvart tidspunkt, å stanse arbeidet.
- 2.6 Dersom det viser seg at dei miljøbeskyttande tiltaka ikkje verker som føresett i vilkåra, kan den ansvarlege med ein gong verte pålagt å sette i verk ytterlegare tiltak.
- 2.7 Ved funn, eller mistanke om funn, av kulturminne undervegs i arbeidet skal arbeidet stansast og NTNU Vitenskapsmuseet kontaktast.

3. Internkontroll, beredskap og varsling

- 3.1 Tiltakshavar skal med ein gong varsle Fylkesmannen om alle unormale tilhøve som har, eller kan få innverknad på forureiningssituasjonen.
- 3.2 Tiltakshavar pliktar å ha eit oppdatert internkontrollsystem, jf. forskrift om systematisk helse-, miljø- og tryggleiksarbeid i verksemder (internkontrollforskrifta) av 6. desember 1996. Internkontrollen skal mellom anna sikre og dokumentere at verksemda overheld krava i dette løyvet, forureiningslova, produktkontrolllova og relevante forskrifter til desse lovene.
- 3.3 Tiltakshavar pliktar å gjennomføre tiltak for å unngå, eventuelt redusere risikoen for akutte utslepp frå alle aktivitetar knytt til dette tiltaket. Slike tiltak skal vere basert på ein systematisk gjennomgang av alle element i tiltaksaktiviteten.
- 3.4 Den ansvarlege skal sørgje for å ha den naudsynte beredskapen for å hindre, oppdage, stanse, fjerne og redusere verknaden av akutt forureining for all verksemd, jf.



forureiningslova § 40. Beredskapen til den ansvarlege skal stå i eit rimeleg høve til sannsynet for akutt forureining og omfanget av skadane og ulempene som kan inntreffe.

Beredskapsplikten inkluderer også utstyr og kompetanse til å fjerne og redusere verknaden av ei eventuell forureining.

- 3.5 Ved akutt forureining eller fare for akutt forureining som følgje av verksemda, skal den ansvarlege varsle i samhøve med *forskrift av 09.07.1992 om varsling av akutt forurensning eller fare for akutt forurensning*. Melding om akutt forureining gjerast til brannvesenet, **telefon: 110**. Kystverket har vaktberedskap 24 timar i døgnet og får meldingar frå brannvesenet om akutt forureining.

4. Utfylling i sjø

- 4.1 Fylkesmannen skal varslast når arbeidet startast.

- 4.2 Tiltaket skal gjerast i tråd med avgrensa område som vist i kartvedlegg til søknaden.

- 4.3 Det skal nyttast metodar for utfylling som minimerer faren for spreining av forureining.

- 4.4 Utfyllingsmassane skal ikkje overskride konsentrasjonsgrensene tilsvarende tilstandsklasse II for sedimentar i samhøve med Miljødirektoratet sin rettleiar for klassifisering av metall og organiske miljøgifter i vatn, sediment og biota (M-608/2016). Massane skal samstundes ligge innanfor normverdiene fastsett i forureiningsforskrifta kapittel 2 vedlegg 1. Det er ikkje lov å nytte reaktive bergartar. Massane skal vere egna til formålet. Det er ikkje lov å fylle ut med massar dersom hovudformålet er å kvitte seg med massane.

- 4.5 Eventuell sprengtråd, skyteleiing og anna avfall i utfyllingsmassane skal fjernast før massane leggjast i fyllinga.

- 4.6 Tiltaket skal utførast under eigna vind- og bølgetilhøve for å redusere uheldig spreining av partiklar.

- 4.7 Utfyllingsaktivitetar bør så langt det er praktisk mogleg reduserast i gyteperioden for torsk, hyse og sei (februar til april) og brosme og lange (juli til august).

5. Kontroll og overvaking

- 5.1 Det skal gjennomførast kontroll og overvaking av tiltaksarbeidet med fokus på å avdekke uheldig spreining av partiklar og slam. Om det vert gjentakande problem med stor spreining av partiklar i vassmassane, må det vurderast tiltak for å redusere partikkelspreiinga, som meir forsiktig utlegging av massane eller å fjerne finstoff frå steinmassane før dei dumpast i sjøen.



6. Rapportering

6.1 Utførte målinger av kjemisk tilstand i sedimenta (sjå Asplan Viak sin rapport r. 629417-01 av 28.08.2020) skal registrerast i databasen *Vannmiljø* **innan 31.12.2020**. På nettsida til databasen finnast rettleiing og også ei oversikt over kva parameter som skal registrerast.

6.2 Det skal sendast ein sluttrapport til Fylkesmannen innan 6 veker etter at anleggsarbeidet er avslutta. Rapporten skal innehalde:

- Ei kort skildring av tiltaket og utført arbeid
- Skildring av høve knytt til partikkelspreiing og liknande, og eventuelle avbøtande eller korrigerande tiltak som vart gjort.